

Også ungdommen meistra



Pappa Stian Græsdal gav Eivind ein god klem etter Nibberittet - imponert over prestasjonen til 14-åringen.

Eivind var yngst i det som for mange føltest som eit mareritt. Men 14-åringen trødde som ein mann og kryssa millinja på Dalsnibba som ein av dei første frå den fyldige Stranda-klubben. Jamvel faren, Stian Græsdal, måtte sjå ungguten langt føre seg på resultatlista.

I Geiranger:
Helge Søvik

Nibberittet vart ein dunderande suksess, også for arrangørane. Aldri før har så mange sykla den beintøffe løypa frå ferjekaia i Geiranger til den 1500 meter høge fjelltoppen. Brattare konkurranse løype skal ein leite etter – i alle høve i Norge. Og talet på deltakarar, i helga meir enn 300, byrjar å nå norgesrekord mellom bakkeritta.

Smil – men beintøft

– Vi er større enn Tour de France, gliste ein frå staben før start.

Smilet sat fast hos alle i turistbygda. Sola skein. Alt var som det skulle. Også dei som sprang eller gjekk til fjells likte seg – i alle fall før start.

– Dette var beintøft. Eg har aldri vore så sliten, kom det kontant frå ein av deltakarane i Halvmaraton. Mange følte det nok

som han. Ikkje lenge etter såg vi att karen. Då diskuterte han tider – og gliste over personleg bestenotering.

Markerte seg

Stranda Sykkelklubb markerte seg flott i Rittet. Ikkje berre noterte fleire av syklistane seg for imponerende sterke sluttider, klubben stilte også med den største troppen – igjen. Og ingen hadde stilegare drakter. Måtte interessa for sykkelporten halde seg i mange, mange år. Unge Eivind, som måtte søkje om startløyve for di der ikkje var klasse for så unge deltakarar, – er beviset på at rekrutteringa er til stades. Berre vent til Alperittet (på sykkel) i sommar så får ein sjå dei mange unge på to-hjularar.

Registrerte skispora ...

Eivind hadde det verst opp grusvegen til Dalsnibba, men vedgjekk at han hadde registrert dei mange skispora frå toppen av Blåtinden. Like vel trur vi at han knappast ynskte seg dit, akkurat då. Alpinisten var nok mest innstilt på å vere syklist.

Ein annan ungdom frå Stranda, og den beste av alle i Sykkelklubben laurdag, registrerte nok også skiløparane på breen, men langrennsrekrutten Eirik Andre Helsem helt svært stor fart og konsentrerte seg om raceren.

– Det gjekk fint heile vegen. Eg var mest sliten før eg kom opp

til flata på Blåfjellet, sa Eirik Andre, som hadde lagt bak seg eit par sykkelritt før Nibberittet, og har sikta seg inn mot eit par til (Trollstigen bl. a.) før sykkelan blir bytt ut med skia.

Han fekk klapp på skuldra frå gode klubbkameratar – imponerte som dei var over prestasjonen.

EM neste

Halvmaraton-løpet vart arrangert for 14. gong. Aldri før har ei kvinne brukt kortare tid til Dalsnibba. Anita Håkenstad Evertsen frå Øystre Slidre pressa ned løpsrekorden med seks minutt, og hadde berre valldalingen (og landslagsløparen i skiskyting) Hans Martin Gjedrem framom seg på resultatlista. At Anita er klar for EM i fjelløp viser at også verdseliten søkjer seg til Geiranger-løpet. Hans Martin tok sin klassesiger nummer 10. Neste år er han på plass att – men då med sykkel.

Tusenlappar

Arrangørane frå Geiranger og Eidsdal delte ut flotte premiar – også pengesummar. For kvar rekordnotering laut dei ut med 5.000 sponsorkroner. Det var fleire deltakarar som reiste heim med tusenlappar i helga.

Fullstendig resultatservice på arrangørane sine nettsider.



Tove Lersveen (nærast) har fleire gode prestasjonar å sjå tilbake på i Nibberittet. Laurdag vart det klassesiger - og bestenotering mellom kvinnene frå Stranda.

kraftprøva



Meir enn 300 syklistar deltok i Nibberittet - her fortroppen på veg opp frå start.



Dei har 21 kilometer framfor seg, deltakarane i halvmaraton. Dalsnibba er målet for alle.



Roger Vangen i front for ei gruppe på veg opp bratta før det flata ut over Blåfjellet. Til venstre, Geir Erik Verpeide.



Den mest stilfulle deltakaren, Geir Mjeltevik frå bedriftsretttslaget ved Ekornes.



Martin Espelund - etter endt halvmaratondistanse.



Eirik Andre Helsem (til venstre) var beste syklist frå den fyldige Stranda-klubben og fekk klapp på skuldra av fleire, her frå Paul Ivar Pedersen.



Politibetjent Jon Tommy Flo (til høgre) og arrangør Per Robert Wille klarte ikkje å skilje dei tre øskjene som låg nærast, og dermed blei det omkamp.

Luftig lotteri

Rundt 250 pizzaøskjer blei sleppt over blinken på Fløten park, og det måtte omkamp til for å kåre vinnaren av det litt spesielle lotteriet.

Av Sindre Omenås

Arrangøren måtte gå bort frå planen om å sleppe øskjene frå helikopter, men brukte i staden ei heisekran. Det blei i alle fall høgt nok for Torill Kleppe og Dag Braseth, som hadde ansvaret for sleppet frå rundt ti meters høgde.

Omkamp

Øskjene svedde over heile parken, men ei handfull tok peiling mot pinnen i midten av blinken.

Politibetjent Jon Tommy Flo tok myndig kontroll over målinga, og fann ut at tre rørte ved pinnen.



Petter Helsem vil bruke premien til å reise til Gran Canaria, fortalde han då han blei intervjuva av Tom Raab. Jon Tommy Flo står med vinnarøskja.

Dermed blei det omkamp.

Gran Canaria

Petter Helsem hørde at han var blant finalistane, og fekk nokre spennande minutt før Flo kunne slå fast at han hadde vunne eit reisegåvekort på 5.000 kroner.

Tom Raab spurde den heldige Petter kvar han hadde lyst å reise.

– Til Gran Canaria, kom det kjapt.

Det var meir leik med pizzaø-

skjer på Stranda denne helga. Den no årvisse meisterskapen i stabling blei ein jamn konkurranse. Einar Arve Nordang stabla flest med 78 øskjer, som er seks bak «verdsrekorden». Det var likevel ikkje nok til å vinne åleine, sidan fabrikksejefen ved Stabburet, Joel Oresten, kravde fire øskjer i handikap til alle deltakarane som er tilsett ved fabrikkjen. Dermed delte Nordang prisen med Kristianna Tronsen.

Harde tak for grendelaget



Atle Tronstad (framme) og Mons Eldar Hjellbakk sikra Langlo sigeren.

Av Sindre Omenås

Konkurransen mellom grendelaga på Stranda lever i beste velgåande, skal vi døme etter innsatsen under tautrekkinga i hotellhagen laurdag. Mange hadde møtt fram



Mange hadde møtt fram i hotellhagen for å sjå kva for grendelag som har dei sterkaste mennene.

for å følgje konkurransen om å vere dei sterkaste mennene i bygda.

Innsatsen var det i alle fall ikkje mykje å seie på, og publikum fekk sjå eit variert skode av raude and-

let og musklar i spenn. Til slutt var det karane frå Langlo som drog det lengste strået, og kan kalle seg meistarar – fram til Strandadagane neste år.